

● GJENNOMFØRT

Frå raudt til grønt - Auka kunnskap for å avdekke ulike årsaker til nedgang/variasjon i lakse- og sjøaurebestanden (2025)

PUBLISERT 27. MAI 2025 | OPPDATERT 1. SEP. 2025

Finansieringsordning: Støtte fra andre enn Forskningsrådet

Søknadsfrist: 1. september 2025, kl. 13.00 CEST

Aktuelle temaområder: Regional utvikling

Målgrupper: Forskningsorganisasjon

Støttegrenser: maksimum kr 1 000 000

Antatt tilgjengelige midler: Kr 2 000 000

Prosjektvarighet: 6-12 måneder

Last ned alle filer

Viktige datoer

2. jun. 2025: Åpen for søknad

1. sep. 2025: Søknadsfrist

1. okt. 2025: Tidligste tillatte prosjektstart

1. jan. 2026: Seneste tillatte prosjektstart

31. des. 2026: Seneste tillatte prosjektslutt

Formål

Fylkestinget har sett av fem millionar kroner til å auka kunnskapen om påverknad på villaks og aure i PO3 og PO4. Bruken av midlane har som målsetjing at Vestland kjem i grøn sone i trafikklssystemet, og gjennomførast i samarbeid med forskingsmiljø og næringa.

SNARVEIER

↓ Om utlysningen

- ↓ Hvem kan søke?
- ↓ Hvem kan delta i prosjektet?
- ↓ Hva kan du søke om støtte til?

↓ Aktuelle temaområder

- ↓ Regional utvikling

↓ Praktiske opplysninger

- ↓ Krav til utforming

Om utlysningen

Vestland fylkeskommune har samla til ein felles innsats for å legge til rette for ei berekraftig utvikling innan akvakultur. Dette gjennom samhandlingsprosjektet [Styrka marin innsats](#), der vi har samla aktørar frå akvakulturnæringa, kunnskapsmiljøa og statlege etatar. I samband med dette samhandlingsprosjektet har vi ei rekkje aktivitetar som skal fremme berekraftig sjømat og mindre avtrykk på miljø og omgjevnader.

Det er no sett av midlar til å auka kunnskapen om påverknad på villaks og aure i PO3 og PO4.

Bruken av midlane skal ha som målsetjing at Vestland kjem i grøn sone i trafikklyssystemet, og gjennomførast i samarbeid med forskingsmiljø og næringa.

Inntil 2,0 millionar kroner er sett av til utlysning av prosjektmidlar som kan avdekke ulike årsaker til nedgang/variasjon i lakse- og sjøaurebestandane. Forsterking og vidare utvikling av nokre pågåande kunnskapsprosessar er mellom aktuelle mottakarar av støtte.

Hvem kan søke?

[Godkjente forskingsorganisasjonar](#) kan søkje.

Hvem kan delta i prosjektet?

Krav til samarbeide:

Prosjektansvarleg forskingsorganisasjon må minst ha ein samarbeidspartnarar frå næringsliv i Vestland fylke som skal inngå i eit faktisk samarbeid.

Krav til prosjektansvarleg

- Søknaden må vere forankra i forskingsorganisasjonen si leiing og i eigne strategiar. Dette må kome tydeleg fram i søknaden.
- Prosjektansvarleg må sikre finansiering av prosjektet (utover støtte frå RFF Vestland).

Krav til faktisk samarbeid og roller i prosjektet

- Det må kome fram i søknaden at prosjektet er strategisk forankra hos alle samarbeidspartnarane.
- Faktisk samarbeid inneberer eit reelt og praktisk samarbeid mellom dei involverte forskingsorganisasjonane og samarbeidspartnarane i prosjektet. Samarbeidspartnarane skal delta aktivt i planlegging og gjennomføring av prosjektet. Samarbeidspartnarar skal vere aktiv i minst ei arbeidspakke. Roller og ansvar må kome tydeleg fram i søknaden.
- Samarbeidspartnarane skal bidra til å dekke prosjektkostnader.
- Samarbeidspartnarane skal delta aktivt i oppfølging og spreining av resultatata frå prosjektet for å sikre at ny kunnskap vert tatt i bruk.
- Prosjektet skal ha ei styrings- eller referansegruppe med representasjon frå samarbeidspartnarane.
- Søknaden skal skildre korleis kunnskapen og kompetansen som blir bygd opp i prosjektet, skal komme større brukargrupper til nytte.
- Prosjektet skal ikkje vere oppdragsforskning for enkeltaktørar i næringsliv eller kommunal/fylkeskommunal sektor.
- Fleire aktørar i og utanfor Vestland kan delta i prosjektet som samarbeidspartnar, FoU-leverandør m.v.
- Samarbeidspartnarar eller FoU-leverandørar (utanom prosjektansvarleg søkjar) må registrerast under "Samarbeidspartnarar og FoU-leverandørar" i søknadsskjemaet. [Les meir om samarbeidspartnarar og FoU-leverandørar.](#)

Hva kan du søke om støtte til?

RFF Vestland støtter kostnader knytt til FoU-aktivitetar i prosjektet.

Omfang av støtte:

- RFF Vestland kan dekke inntil 90 % av godkjende kostnader i prosjektet.
- Samla innsats frå samarbeidspartnarane i næringsliv sektor skal dekke minst 10 % av totale

prosjektkostnader i form av eigeninnsats og/eller kontantbidrag.

- Utanlandske universitet og offentlege forskingsinstitutt kan vere samarbeidspartnar. Deira kostnader kan bli dekkja av RFF Vestland si beviljing.
- Andre utanlandske aktørar skal ikkje vere partnarar.
- Støtta skal bli brukt til å dekke dei faktiske kostnadane i prosjektet.

Sett prosjektbudsjettet opp etter [Forskringsrådet sine retningslinjer](#).

Føresetnader for tildeling av støtte

- RFF Vestland si støtte til forskingsorganisasjon(ane) skal i sin heilheit gå til deira ikkje-økonomiske aktivitet i form av uavhengig forskning. Rekneskapsmessig skilje mellom den økonomiske og ikkje-økonomiske aktiviteten til forskingsorganisasjonen må vere på plass.
- I denne utlysinga vert det ikkje tildelt statsstøtte til føretak med økonomisk aktivitet i ein marknad.
- Dersom prosjektet får tildelt midlar, skal prosjektansvarleg etablere samarbeidsavtaler med alle samarbeidspartnarane i prosjektet.
- Forskringsrådet sine [Generelle vilkår for FoU-prosjekt](#) er del av kontrakten med RFF Vestland.
- Forskringsresultata skal verte gjort tilgjengelege ved deling og publisering i tråd med [policy for open forskning](#).
- Prosjektet skal ha plan for løpande formidling gjennom prosjektperioden og delta i møte undervegs med RFF Vestland/Vestland fylkeskommune etter nærare avtale.

Aktuelle temaområder for denne utlysningen

Prosjektet skal støtte innovasjonsprosessar som bidreg til:

- Avdekke ulike årsaker til nedgang/variasjon i lakse- og sjøaurebestandane. Forsterking og vidare utvikling av nokre pågåande kunnskapsprosessar er mellom aktuelle mottakarar av støtte.

Regional utvikling

MARIN

Praktiske opplysninger

Krav til utforming

Krav til utforming

Du må opprette og sende inn søknad via Mitt nettsted (sjå «Opprett søknad»). Du kan endre og sende inn søknaden fleire gonger fram til søknadsfristen. Når søknadsfristen går ut, vil vi behandle den sist innsendte versjonen.

- Søknaden skal vere innafor formål og rammer for utlysinga og søknadstypen.
- Krav til samarbeid og partnarskap må vere oppfylt.
- Krav til prosjektleiar må vere oppfylt.
- Søknaden og alle vedlegg skal vere på norsk eller engelsk.
- Søknadsbeløp, kva det er søkt om og eigenfinansiering er innanfor ramme fastlagt i utlysinga. All eigeninnsats i samarbeidande bedrift må vere lønsutbetalte midlar.
- Prosjektskildringa skal følgje malen i denne utlysinga og du må fylle ut alle punkta. (Merk at malen er på engelsk, men søknaden kan skrivast på norsk.)
- Alle obligatoriske vedlegg skal vere lagt ved i PDF-format.

Obligatoriske vedlegg

- Prosjektskildring på maksimalt 5 sider. Bruk mal i utlysinga.

- CV på inntil 4 sider kvar for prosjektleiar og inntil 5 sentrale prosjektmedarbeidarar (til dømes ansvarlege for arbeidspakkane i prosjektet).
- Intensjonsbrev frå alle registrerte samarbeidspartnarar. Intensjonsbrevet skal innehalde ei grunngjeving for kvifor prosjektet er viktig for partnarane samt skildre planlagt bidrag inn i prosjektet. (Maksimalt 1 side.)

Andre vedlegg enn dei obligatoriske eller lenker til nettsider, vil ikkje bli vurdert.

Det er ikkje teknisk kontroll på innhald i vedlegga du laster opp, så pass på å laste opp korrekt fil på riktig vedleggstype.

Alle krav i utlysinga må være oppfylt. Ufullstendige eller mangelfulle søknader vil kunne bli avslått utan fagleg vurdering.

Forskning og innovasjon | RFF - Frå raudt til grønt

- I kva grad møter idéen i prosjektet eit udekt behov knytt opp mot tema i utlysinga?
- Kor original og nyskapande er prosjektideen?
- I kor stor grad har prosjektet potensial for å bringe fram ny forskingsbasert kunnskap?
- I kva grad er FoU-aktivitetane relevante og/eller av kritisk betydning for å realisere prosjektideen?

Gjennomføring | RFF - Frå raudt til grønt

- Kvalitet på prosjektplanen med mål, arbeidspakker, milepelar, ressursinnsats og relevant risikovurdering
 - Kvalitet/kompetanse til prosjektleiar og eventuell prosjektgruppe – er dei rette partnarane med i forhold til problemstilling og løysingsforslag?
 - Organisering, med roller og ansvarsdeling, styring og strategisk forankring
 - Budsjet og finansiering
- Kor god og realistisk er prosjektet sin plan om å dele kunnskap og formidling av resultat frå prosjektet til relevante målgrupper?

Verknad og effekt | RFF - Frå raudt til grønt

- I kva grad er det potensial for at resultatata frå prosjektet kan bidra til å nå målsetjing om at Vestland kjem i grøne sone i trafikklssystemet?
- I kva grad er det potensial for å løyse nåverande og framtidige samfunnsutfordringar, også med omsyn til FN sine berekraftmål
- I kva grad potensiell verknad og effekt er tydeleg formulert og truverdig.

Samlet vurdering fra fageksperten/panelet | RFF - Frå raudt til grønt

Karakteren er beregnet på bakgrunn av panelets vurderinger av kriteriene Forskningskvalitet, Virkninger og effekter og Gjennomføring.

I tillegg vil det bli lagt vekt på Formidling og kommunikasjon, Forskingsetikk, Miljøkonsekvensar og Kjønnsbalanse i prosjektet.

Behandlingsprosedyre

Sekretariatet for RFF Vestland vurderer om søknaden fyller formelle krav og er innanfor dei mål og rammer som er gitt i utlysinga.

Søknader utan formelle feil vil bli vurdert av eit ekspertpanel organisert av RFF Vestland/Vestland fylkeskommune.

Det er venta avgjerse til søknadene innan utgangen av september 2025. Informasjon om kva søknader som får støtte vil bli lagt ut på denne nettsida så snart vedtak ligg føre.

RFF Vestland tek seg retten til å diskutere søknaden med andre offentlege aktørar (som Innovasjon Noreg og Forskningsrådet) der dette er relevant for søknadsbehandlninga. Alle søknader vil bli behandla etter [Lov om offentlighet § 26, fjerde avsnitt](#).

Last ned maler



Mal til prosjektbeskrivelse, frå raudt til grønt.docx



2025-egenerklaering.docx



2025-skjema_for_partneropplysninger.docx



* OBLIGATORISK VEDLEGG

Last ned alle maler



Meldinger ved utskriftstidspunkt 6. april 2026, kl. 23.02 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.